

Møtebok Fjordvegen Riksveg 13 - Digitalt

Styremøte 23.09.2024 kl 12.30-14.30

Deltakrar: Marta Sofie Vange, Marthe Hammer, Anita Husøy Riskedal, Ingvald Torblå, Olav Lindseth, Roald Aga Haug (frå kl 14.00), Kristoffer Amdal
Roy Egil Stadheim (for dialog om styretur til kl 13)

Sekretariatet: Hanne Sundbø, Trude L. Rinaldo

Gjester: Kristian Losnegard Karlsen, Nye Veier og Ellen Johnsen Haaberg, Svv

Orienteringar:

Statens vegvesen v/ Ellen Johansen Haaberg

Statsbudsjettet og NTP - kjem tilbake til dette når klart kva rammer som kjem. gjennomføringsplan skal utformast tidleg neste år.

Avklaring: Nye Veier tar over driftsansvar for nordre del av riksveg 13 i sept. 2027, når noverande driftskontakt tek slutt.

På styreturen og møta for søre del vert det med fleire representantar frå Svv. Haaberg vert med til Kinsarvik og har bil og SVV blir difor fleksible med transporten.

Nye Veier v/ Kristian Losnegard

Status arbeid på Rv 13 frå Nye Veier. Presentasjon ligg ved

NV stiller med fleire representantar på styreturen og medlemsmøta, nordre del frå Skare.

NTP: Vikafjellet blei i sluttbehandlinga i juni lagt inn i Nye veier-porteføljen utan ytterlegare midlar.

Samstundes har Samferdselsdepartementet bedt om at det blir utgreidd om strekninga Vinje – Sogndal kan bli flytta til Statens vegvesen. Spørsmålet er av departementet sendt på høyring til Nye veier og Statens vegvesen med svarfrist 1.10.

Det første Nye veier-prosjektet Kviturdunnelen – Djupevik på riksveg 13: Val av entreprenør vert gjort av styret i NV denne veka etter konkurranse.

Andre langsiktige vegprosjekt som påverkar riksveg 13:

Regjeringa sitt val av konsept 1 Arm til Bergen: Vegvesenet er frå departementet bedt om å utforma ein utviklingsstrategi i samarbeid med Nye Veier og Vestland fylkeskommune. Dette er nybrottsarbeid. Håp om ferdigstilling av strategien i løpet av 2025.

Sak 32/24 Godkjenning av referat frå styremøtet på Lofthus 7.6.24, samt innkalling og sakliste

Møteinnkalling og referat er godkjent.

Sak 33/24 Meldingar

Ingen meldingar er sendt ut.

Sak 34/24 Styretur 21. - 23.10.2024 – drøfting av detaljar

Gjennomgang av styreturen praktisk, møte med medlemmane, stoppunkt og gjennomføring.

Vedtak:

1. Program med stoppunkt:

Pga liten tid og vanskelege stopptilhøve, vil mykje bli orientert om frå bussen.

Tidsplanen er bindande når medlemsmøta er kunngjort, to ferjer er tatt omsyn til, dessutan bestilte måltid og flyretur. I tillegg kan forventast tidleg mørke (frå kl18), kaldt ver og variert føre. Få av møtelokala har eit vertskap, og serveringa blir stort sett enkel.

Følgjande stoppunkt er prioritert:

Nordre del (jf utsendt oversikt frå Nye veier): Avstikkar frå rv 13: Det blir prioritert at styret får sjå mogleg innslagspunkt for Vikafjellstunnelen og steindeponi nær Vik (avkøyring frå Tistel og vestover på nordsida av Vikafjellet).

På Vikafjellet er det ønskjeleg å få orientering frå erfarent brøytemannskap, Roy gjer avtale om dette.

Andre viktige punkt i Ullensvang: Steinaberg bru, Stana, Lausasteintunnelen, Skarvabjerg.

Søre del (Statens vegvesen): Mjølkeråna, Suldalsvatnet, Brattlandsdalen.

2. Praktisk for alle i styret før og etter fastsett program:

Alle frå styret og varamedlem som skal plukkast opp og sitja på bussen sørover til Stavanger, må sjølv ha dialog med sjåføren Roy Egil Stadheim om dette.

Roy lagar køyreplan frå Vik måndag 21.10. kl 8 og for ankomst i Stavanger i god tid før kl 16. Møtepunkt i Stavanger sentrum, Rosenkildehuset. Jf. Plan for turen.

Retur frå Vik der bussen skal returnerast 23.10. (etter tur avslutning i Sogndal) må alle sjølve planlegga, eventuelt samt fly-billettar 23.10. frå Sogndal kl 15.20 for dei som treng det.

3. Nytt førebels program, deltakarliste (buss) og forslag brev til medlemma vert lagt ved møtereferat.

Frå styret er det meldt heilt forfall frå Ingvald Torblå og Marthe Hammer.

Deltakaroversikt pr dato vart vist, der avgrensa plass i bussen er viktigaste råde.

Nasjonal Rassikringsgruppe sine medlem og varamedlem frå Rogaland og Vestland er inviterte og vil delta på heile/delar av turen.

4. Nye Veier og Statens vegvesen skal for kvar sin geografiske del ha hovudorientering på alle fem medlemsmøta, det skal avsetjast god tid til dialog med medlemmane. Møta skal refererast. Det må leggjast opp til lokale tilpasningar for problemstillingar både frå oss og fagetatane til kvart møte.

Pressa skal inviterast.

5. To kart med utfordringar og raspunkt skal lagast for utdeling til turdeltakarane frå NV og SVV.

Sak 35/24 Lønsending Seniorrådgiver

Vedtak:

Styreleiar får mandat til å gjennomføra lønsforhandlingar med Hanne Sundbø.

Sak 36/24 Oppsummering vår/sommar 2024 og drøfting vidare:

- **Stortingsbenkane i samband med NTP og oppfølging etterpå. Signal**

Møtet med ni repr for benkane: Klart signal om konkret prioritering for Fjordvegen Riksveg 13 sine innspel til neste NTP

Her må me jobba tett med SvV og NV om korleis dei tolkar det som er gitt, og at kva som kan koma i nytt statsbudsjett.

- **Arendalsveka 2024, vår deltaking. Andre viktige møte og debattar**

Styreleiar framheldt god møteleiing under møtet som Nasjonal Rassikringsgruppe hadde ansvar for i Samferdselsteltet. God deltaking i salen. Bra tilbakemeldingar til ho. God lyd også for strømminga, klårt budskap frå Fjordvegen. Mange arrangement som konkurrerer.

- **Signal frå Nasjonal Rassikringsgruppe, endring i administrasjonen**

Nytt sekretariat frå komande årsskifte, flytting til Vestland fylkeskommune

- **Langsiktig plan, riksveg 13 etter NTP-behandlinga**

Det er ingen som ser på heilskapleg plan for riksveg 13 med delt ansvar mellom to fagetatar. Kort drøfting av kor mange utbetningsprosjekt som blir drive fram frå vegvesenet utfrå innsparte midler andre plassar som så kan flyttast. Dette skjer ikkje for riksveg 13 nordre del då Nye veier ikkje har same rom for flytting av midlar.

Sak 37/24 Møteplan styremøte haust/vinter 2024

Styremøte 21.10.24 i Stavanger, Rosenkildehuset 16.00-17.00 (før Medlemsmøtet styreturen)

Styremøte 14.11.24 digitalt, kl 10.00-12.00

Styremøte 14.02.25. Avgjerdsle på møtet i november om dette skal vera digitalt eller fysisk

Årsmøtedato vert fastsett på møte i november.

Sak 38/24 Fast Post:

Gjennomgang av status for Rv13

Anita H. Riskedal orienterte om nytt omkring Road Cap vegsikringssystem, noko tilsvarende Bypass. Dette kan t.d. nyttast midlertidig i påvente av endeleg sikring på rasstrek. Presentasjonen vert sendt styret

Sak 39/24 Innmeldte saker/Ymse

Ingen saker

Trude Rinaldo / Hanne Sundbø /s./
ref.